
Saksnr: 2020/74884-1
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.11.2020

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket - føringar til Innovasjon Norge 2021

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune gjev føringar for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling innan landbruket i 2021 slik det går fram av denne saka og framlegg til oppdragsbrev.
2. Hovudutval for næring gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere mindre justeringar mellom produksjonane etter møtet med landbrukspartnarskapen i april 2021.

Samandrag

Fylkeskommunane skal gje strategiske føringar til Innovasjon Norge for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane). Nasjonale føringar seier at regionale strategiske føringar er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike område i den enkelte regionen. Fylkeskommunen har samla den regionale partnarskapen, inkludert faglaga, og drøfta prioritering av midlane for 2021. På grunnlag av desse drøftingane gjer fylkesdirektøren framlegg om denne prosentvise fordelinga av dei regionale midlane: mjølkeproduksjon 61 prosent, sau 10 prosent, andre husdyr og gjødsellager 18 prosent og andre næringar 11 prosent. I tillegg er det eit mål om at Vestland får 17 prosent av den nasjonale potten til frukt og grønt. Under jordbruksoppgjeret i 2020 vart det nasjonalt sett av 664,5 millionar til IBU for 2021, av desse er 120 millionar øymerka nasjonal ramme til grønt. Det er 497 millionar som skal fordelast mellom regionane. Truleg vil Vestland få 70 millionar til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2021. I skrivande stund er ikkje ramma for Vestland fastsett.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar, landbruk
og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen leiar den regionale partnerskapen innan landbruksbasert næringsutvikling. I Vestland er handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 det førande dokumentet for næringsutvikling innan landbruk. Som ein del av regionreforma er oppgåva med å gje strategiske føringar til Innovasjon Norge for bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane), flytta frå fylkesmannen til fylkeskommunen. Oppdraget til fylkeskommunen vert gitt av Landbruks- og matdepartementet. Oppdragsbrev frå Landbruks- og matdepartementet til fylkeskommunane brukar å kome i januar. Sjølv om oppdragsbrevet for 2021 ikkje er kome, blir denne saka lagt fram for hovudutvalet. Det er tidkrevjande og omfattande for bonden å utvikle gode prosjekt og søknader. Difor ynskjer Innovasjon Norge i samarbeid med partnerskapen å starte arbeidet med å informere om rammene for IBU-midlane 2021 no mot slutten av 2020.

Om IBU-midlane

IBU-midlane blir løyvd over jordbruksavtalen, og blir forvalta av Innovasjon Norge på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. Ein nasjonal forskrift og det årlege jordbruksoppgjeret legg føringar for forvaltninga av midlane. Nasjonale føringar seier at strategiske føringar frå den regionale partnerskapet er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike område-i den enkelte regionen/fylket. Under jordbruksoppgjeret i 2020 vart det satt av 664,5 millionar til IBU for 2021, av desse er 120 millionar øymerka nasjonal ramme til grønt. Det er 497 millionar som skal fordelast mellom regionane. Truleg vil Vestland få 70 millionar til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2021.

IBU-midlane 2020

Rapportering på bruken av IBU-midlane 2020 i skal inngå i rapporten som Innovasjon Norge elles sender til fylkeskommunen. Tabellen under syner ei midlertidig oversikt over bruken IBU -midlar i Vestland i 2020.

Forbruk av IBU-midlar i Vestland per 03.11.20

Produksjon	Mjølke	Sau	Andre husdyr	Grønt, regional ramme	Tilleggs-næring	Sum regionale midler	Grønt TRAD , nasjonal ramme, 65 mill	Grønt TILLEGG, nasjonal ramme, 9 mill
mill. kroner	42 003	9 649	13 894	3 225	8 533	77 304	17 040	780

Nasjonale føringar for IBU-midlane 2021

Grunna korona-pandemien vart det gjennomført eit forenkla jordbruksoppgjer i 2020. Avtalen for 2020 gjeld også for 2021, men med nokre endringar. Avtalepartane er einige om å auke avsetninga med 30 mill. kroner til 664,5 mill. kroner. Dei nasjonale føringane for IBU-midlane er lista opp punktvis under:

- 120 mill. kroner av avsetninga vert øymerka til nasjonalt program for investeringar i grøntsektoren. Midlane skal gå til investerings-, kompetanse- og produktutvikling til produsentar i grøntnæringa. Nye produsentar bør bli prioritert ved marknadsvekst.
- Støtte til frukt-, grønt- og veksthusnæringa skal prioriterast.
- Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- I kornproduksjonen skal tilskot til tørke- og lageranlegg prioriterast.
- I vurderinga av lønnsemd i investeringsprosjekta må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket.
- Ulike eigarformer skal likestillast ved prioritering mellom søknader.
- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte.
- Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med 15-30 kyr.
- Det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd, medrekna kravet om lausdriftsfjøs, og behov for fornying av driftsapparatet.
- Økologiske produsentar som må gjere større investeringar som følgje av endra krav knytt til implementering av EUs økologiregelverk skal prioriterast.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast. Ved bruk av tre som byggjemateriale, kan det i tillegg bli gitt eit tilskot på inntil 20 prosent av innvilga tilskott etter § 3 c, fyrste ledd i forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, avgrensa oppover til 400 000 kroner. Det skal takast omsyn til graden av trebruk i prosjektet ved utmåling av tilskot.

- Det kan løyvast investeringstilskot til bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10 månaders lagringskapasitet, avgrensa til 20 pst. av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket. Investeringar i tak på eksisterande gjødselkum kan få støtte. Øvre grense for tilskot er sett til 100 000 kroner per prosjekt.
- Støtte over IBU-ordninga til omlegging frå fossil energi til fornybar energi i veksthus må sjåast i samband med støtte frå ENOVA.
- Det kan bli gitt inntil 100 mill. kroner i risikolån. Tapsavsetjinga skjer innanfor ramma av IBU-midlane.
- Strategiske føringar frå den regionale partnerskapen er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike område i den enkelte regionen/fylket. Faglaga skal inngå i dei regionale partnerskapa.
- Maksimal prosentsats for tilskot til investeringar blir vidareført med inntil 35 pst. Av godkjent kostnadsoverslag for investeringa.
- Den øvre grense for tilskot på 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for Troms og Finnmark, blir òg vidareført.

Medverking til regionale føringar for IBU-2021

Den 11. september og 5. oktober 2020 inviterte Vestland fylkeskommune den regionale partnerskapen inkludert faglaga til digitale drøfting om prioritering av IBU-midlane for 2021. Organisasjonane som var til stades i tillegg til Vestland fylkeskommune var: Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Vestland, Sogn og Fjordane Bondelag, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og småbrukarlag og Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag. Landbrukspartnerskapen har avtala eit statusmøte for IBU midlane i april 2021. Målet med møtet er å oppdatere kvarande og gjere mindre justeringar ved behov.

Regionale prioriteringa for IBU 2021

Vestland fylkeskommune legg til grunn at Innovasjon Norge sikrar ei tenleg geografisk fordeling av prosjekt. Geografisk fordeling av prosjekt vert tema på møte i partnerskapen april 2021. Tabellen under syner korleis Vestland fylkeskommune meiner at IBU-midlane skal fordelast mellom produksjonane.

Fordeling regional ramme IBU Vestland 2021					
Produksjon	Mjølkeproduksjon	Sau	Andre husdyr og gjødsellager	Andre næringar	Grøntsektoren*
Prosentdel av potten	61%	10%	18%	11%*	17%

*denne summen gjeld den nasjonale potten.

Vestland fylke har avlingar av god kvalitet og høgt volum innan frukt, bær, grønt og potet. Vestland fylkeskommune ynskjer at Innovasjon Norge skal bidra til å legge til rette for auke i lokal verdiskaping knytt til frukt, bær, potet og grønt og tenleg auke i volum. Gjennom jordbruksavtalen har avtalepartane sett i verk tiltak for innovasjon og vekst i grøntsektoren. Målet er å auke norskandelen og møte etterspurnaden i marknaden med mest mogleg norske varer. Nasjonalt er det øyremerka 120 millionar til grønt. Vestland fylkeskommune ynskjer at partnerskapen skal legge til rette for at næringa i fylket har god kjennskap til desse midlane og at dei vert oppmuntra til å søkje. I 2020 fekk Vestland rundt 18 millionar frå den nasjonale ramme. Målet for 2021 er at næringa i Vestland skal få omtrent 20 millionar. Når dei nasjonale midlane kan partnerskapen vurdere om det er behov for å gjere mindre justeringar i den regionale fordelinga for å sikre midlar til frukt, bær, potet og grønt.

Mjølke er den berande produksjonen i Vestland fylke. Nesten alle kommunar i Vestland har mjølkeproduksjon. Det er viktig å støtte opp om mjølkeprodusentar i fylket og legge til rette for at dei kan møte laudriftskravet som kjem i 2034. I første halvår bør saker som gjeld overgang frå båsfrøs til laudrift som hovudregel prioriterast. Fylkeskommunen ynskjer å sikre rekruttering til mjølke og ber om at Innovasjon Norge legg til rette for generasjonsskifte.

Gode og store nok gjødsellager med tak er sentralt for å hindre uønska avrenning. Finansieringsordninga av gjødsellager slik den er i dag er ikkje god nok, og i 2020 var det få saker. Det er positivt at jordbruksoppgjæret for 2020 gjer rom for å støtte tak på eksisterande gjødselkum, men øvre grense per prosjekt er ein utfordring for mange som ynskjer å investere. Fram til

finansieringsordningar for gjødsellager blir betre har partnerskapen valt å la gjødsellager inngå i kategorien andre husdyr.

Sau er den nest største produksjonen i Vestland. Vestland er godt eigna til sau, med gode beiter og lite rovdyr. Sauebønder i fylket har behov for investeringsmidlar for å fornye sauefjøsa og vere konkurransedyktige. Dette behovet må balanserast mot marknaden og totalproduksjonen av sauekjøtt.

For å sikra større variasjon i næringsgrunnlaget på gardane må det leggest til rette for tilleggsnæringar. Dei siste åra har det vore ei stor satsing på foredling av eple, mjølk og kjøt. Denne satsinga må halde fram.

Vestland fylkeskommune jobbar for at FN sine klima- og berekraftmål blir nådd. Det er viktig for fylkeskommunen at bruken av IBU-midlane bidreg til å nå desse måla. Ny teknologi, klimasmarte løysingar og berekraft er viktig for alle landbruksproduksjonane i Vestland. IBU-midlane bør så langt det lar seg gjere legge til rette for at ny teknologi og klimasmarte løysingar vert nytta av alle landbruksproduksjonar i Vestland.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har mynde til å gje føringar til Innovasjon Norge om bruken av IBU-midlar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Kan gje positivt effekt gjennom auka satsing på grønt sektoren og ved at landbruket forvaltar viktige landskapsverdiar.

Folkehelse: Aktivt landbruk i heile fylket er positivt for folkehelse

Regional planstrategi: Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg. 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar. 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune sender oppdragsbrevet til Innovasjon Norge slik det er lagt ved i denne saka.

Vedlegg

1 Prioriteringar i forvaltning av IBU-midlane for Vestland 2021